

Merknadsskjema – oppsummering og kommentarer til mottekne merknadar og uttalar til oppstart av planarbeid

Merknadsskjema- og kart skal fyllast ut av framleggsstiller og vere ein del av grunnlag for undervegsmøte, og skal vere ferdig revidert når det leverast saman med planframlegg til 1. handsaming. Raud tekst er hjelpetekst. All tekst i skjema skal vere svart i innsendt versjon. Gi nummer til merknadane og uttalene. Start nummerering på nytt når du kjem til høyningsinstansane (uttalane).

MERKNADSKJEMA - OPPSTART PLANARBEID

Plannamn:	Gamle Balestrand Rådhus
Arealplan-ID:	4640-2022009
Arkivsaknr. :	
Utarbeidd av:	Arkitektkontoret 4b
Sist revidert:	01.02.2024

Nr.	Avsender	Hovudpunkt i merknad/uttale	Framleggsstiller sin kommentar
1	<u>Private merknadar</u>	Ingen private merknader	
2			
1	<u>Høyningsinstansar:</u>		
1	Vestland fylkeskommune 10.02.2023	1.Planarbeidet må vurderast ut frå sentrum i sin heilskap. Bygnader i sentrum skal ha god arkitektonisk utforming med aktive opne fasade i første etasje mot handlegate og sentrale uterom.	1.Tatt til følge Det vert store glas mot Belevgen som vert rekna som ei sentrumsgate. Det vert opparbeida ein plassliknande situasjon framfor inngangen.
		2.Folkehelse og born og unge sine interesser. Det er positiv å etablere park/hage og legge til rette for fjordsti mot fjorden. Universell utforming må vektleggast. Fellesområde og møteplassar bør ha universell utforming. Viktig at planarbeidet legg opp til at eldre kan vera aktive samfunnssamtakarar og at planen tar omsyn til barn og unge.	2.Tatt til følge. Det vil bli opparbeida ein park. Inngangssituasjon vert universelt utforma.
		3.Utsleppsreduksjon. Oppmodar om å bruke ombruk for å redusere klimaavtrykk. Sykkelparkering under tak for å legge til rette for sykling.	3.Tatt til følge. Det vil bli lagt opp til sykkelparkering under tak. 2 plassar pr 100 m2 BRA. Det vert og sykkelparkering ved hovudinngang.

		4.Klimatilpassning og naturfare; springflo og havnivåstigning vil vera viktige tema.	4.Tatt til følge. Det vil ikkje bli rom for varig opphold i kjeller der det har vore tilfelle av at vatn trenger inn.
		5.Kulturminne og kulturmiljø: saka vert vurdert som regionalt kulturminnemynde. Vil ha dialog med kulturminnemynde for å synleggjere konfliktpotensiale. Balestrand Rådhus er del av eit heilskapleg kulturmiljø. Tidstypisk bygg med fine arkitektoniske kvalitetar. Viktig at byggets kvalitet og arkitektonisk utsyn vert tatt vare på og at omgjevnadane ikkje vert privatert.	5.Tatt til følge. Det arkitektoniske utsynet skal takast vare på. Området rundt bygget vert offentleg i form av inngangsparti til næring og park mot fjorden.
		6.Det er ikkje automatisk freda kulturminne i planområdet. Likevel viktig å ikkje skade eventuelle kulturlandskapstrekk under opparbeiding av området.	6.Tatt til følge. Kulturlandskapstrekk skal ikkje endrast på.
		7.Marine kulturminne- Vurdering frå Bergens Sjøfartsmuseum uttaler at det ikkje er kulturminne på denne tomta. Dersom ein likevel skulle finne skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne pliktar tiltakshavar å gi beskjed til museet og arbeidet stoppast.	7.Tatt til følge. Ved funn vil museet bli kontakta.
		8.Ber om at planarbeidet legg særleg vekt på verknad på sentrum i sin heilskap, folkehelse, born og unge sine interesser, klimatilpassing, samt bevaring av bygninga si karakter og arkitektoniske utsyn.	8.Tatt til følge. Bygget sin betydning i nærområdet er tatt særleg omsyn til.
02	Kystverket 19.12.2022	1.Tiltaket har liten eller ingen relevans for sjøtransport- og havneinteresse og har derfor ingen planfaglege merknader til saken. Dersom tiltaket treng tillatelse etter havne- og farvannsloven §14, er det kommunen som må vurdere dette.	1.Tatt til følge. Det kan bli aktuelt regulere inn flytebrygge til småbåtar og ein kaifront som gir tilgang til bading og kajak- og SUP-bruk.
03	NVE 03.01.2023	1.Fare for kvikkleire må avklarast. Området ligg under marin grense og ein kan ikkje utelukke førekommst av kvikkleire. NVE rettleiaren 1/2019 «sikkerheit mot kvikkleireskred» kan nyttast til å avklare faren for områdeskred av kvikkleire. Rettleiaren tilrår at det alltid vert gjennomført grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet.	1.Tatt til følge. Dette vil bli ivaretatt i ROS analyse.
		2.Deler av planområdet ligg i område utsett for havnivåstigning. NVE er mynde for skred i sjø, ikkje for flaum frå sjø. (DSB gjennom Statsforvaltaren har ansvar for å rettleie kommunane om havnivåstigning, stormflo, bølgjer mm)	2.Tatt til følge. Sjå ROS analyse.

		3.NVE rår oss til å nytte deira internetsider for arealplanlegging. Spesielt Kartbasert rettleiar for reguleringsplan.	3.
		4.Vil ha planen tilsendt ved offentleg ettersyn.	4.
04	Sogn Brann og Redning 15.12.2022	1.Dagens krav i plan og bygningslova og teknisk forskrift må føljast.	1.Tatt til følge. Tek 17 vert nytta.
		2. Tilgang på tilstrekkeleg sløkkevatn må avklarast med Sogndal kommune.	2. Tatt til følge. Sogndal kommune har oppgitt at det er . Det vil i planen bli argumentert for at nærliek til sjø vil vega opp for manglande sløkkevatn.
05	Statens vegvesen 03.01.2023	1.Verknadane på følgjande må avklarast: trafikktryggleik for ulike trafikantgrupper, skuleveg, tilkomstløysingar, forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet, trafikkmønster og reisemiddelfordeling, parkeringsdekning og -behov, framkomst for ulike trafikantgrupper og ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden.	1.Tatt til følge. Ingen endring som følge av planen.
		2.Legg til grunn at reguleringsplanen vil innehalda rekkefølgjekrav som sikrar tiltak knytt til trafikktrygging, framkomst mm vert gjennomført i samband med utbygginga som vert regulert.	2.Tatt til følge. Opparbeiding av p-plassar og avkørsle er tatt med i rekkefølgjekrav.
06	Telenor Eltelnetworks 11.01.2023	1. TN har ein fiberkabel som kjem på land, går opp ved sida av bygget og kryssar vegen. Ønskeleg at denne takast omsyn til om mogeleg, slik at ein ikkje må legge om traseen. TN ønsker også at det blir tatt med trekkerør frå nærmeste koplingspunkt på fiberen til TN og inn til et eventuelt teknisk rom på bygget. Informasjonen om type fiberkabel/infrastrukturen er fortruleg informasjon og ber derfor om at dette ikkje vert delt med andre.	1.Tatt til følge. Det skal ikkje byggast over kabel. Unntaket er ein terrasse for næring. Her er det tatt med i føresegner at kablar må omsyntakast.

07	Statsforvalteren 03.02.2023	<p>1. Strandsone: Viktig at planen sikrar areal for allmenta langs sjøen i planområdet. Legg til grunn at det ikkje vert nye utfyllingar i sjø.</p> <p>2. Barn og unge: ved etablering av bustader, tilstrekkeleg med leikeareal. Vise krav om storleik og kvalitet på leike og uteopphaldsareal. Må sikrast i plankart. Ønsker konkrete krav som t.d. sandkasse, benk, noko fast dekke, evt inngjerding Uteareal eller bør stimulere til sosial kontakt, livsutfaldning for alle brukargrupper.</p> <p>3. Folkehelse og bustadsosiale omsyn: Variasjon i bumiljø, gode bustader for alle aldrar. Krav til tilgjenge. /eldre og personar med ulik funksjonsnedsetting)</p> <p>4. Støy: Må lagast utgreiingar om deler av plaoområdet er støyutsatt dersom de’t er grunn til å tru at området er støyutsatt.</p> <p>5. amfunnstryggleik og beredskap/ ROS -analyse: Stiller krav om Ros analyse</p> <p>6.</p>	<p>1. Tatt til følge. Det skal regulerast inn område for fjordsti i planen. Evt brygger vert flytebrygger</p> <p>2. Delvis tatt til følge. Park opparbeida med noko leikeareal. Det vert ikkje inngjerda leikeareal eller satt av eige område spesifikt til leik.</p> <p>3. Tatt til følge. Det vil bli bustader i ulike storleikar og med krav til tilgjenge i hht tek 17.</p> <p>4. Ikkje tatt til følge. Det er ikkje gjort eigne utgreiingar om støy. Planområdet er ikkje utsatt for støy.</p> <p>5. Tatt til følge. Det er laga ROS analyse og nødvendige utgreiingar som følge av dette.</p>

Merknadskart

Ingen av merknadane er kopla til ei spesiell tomt. Det er derfor ikkje laga eige merknadskart.